

## Referat

### Årsmøte i Norhordland Veteranbåtlag på Ostereidet laurdag 26. mars 2011

Etter innkalling møtte 40 medlemmer av NHVL til årsmøtet 2011

Kl. 1400 opna formannen, Tor J. Bjørgaas møtet med å ynskja dei frammøtte hjarteleg velkomen til årsmøtet.

#### Sakliste

1. Det var ingen merknader til innkallinga.
2. Vidar Lehmann vart samrøystes vald til ordstyrar.
3. Karstein Stene referent, med Finn Gulbrandsøy og Magne Angelskår til å underteikna protokollen.

#### 4. Årsmeldinga.:

Då alle hadde fått tilsendt årsmelding, rekneskap o.a. gjekk formannen gjennom årsmeldinga, punkt for punkt, og då det ikkje var spørsmål eller kommentarar til denne, vart årsmelding for 2010 samrøystes godkjent.

Det vart gjeve positive uttrykk både om mannskap og for båt.

#### 5. Rekneskap 2010

rekneskapsfører Asle Hindenes, frå Økonor gjorde greie for rekneskapen, og framheva at NHVL framla korrekte dokumenter vedk rekneskapsføringa.

Rekneskapen er revidert av Deloitte v/ stats.aut revisor Oddvar Sundsbø , slik at rekneskapen framstår som korrekt og oversikteleg.

Den økonomiske stoda i NHVL må seiast å vera svært god, godt nedbetalt lån, gode midlar på driftskonto og ein god sum på kjelefond.

Det er godt å ha midlar på kjelefondet, den dagen kjelen må skiftast, vil ein difor sleppa med store lån.

Som veteranbåtlag er NHVL i ei god posisjon vedk økonomien.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

Deloitte v/stats.aut revisor vart samrøystes attvald til NHVL sin revisor.

#### 6. Kaffipause.

Her må ein berre gje gode ord til Ragnhild og hennar smørbrødjomfruer, for gode smørbrød og velsmakande "svartedropper" som dei gamle bergensmadammer kalte kaffien på en tid D/S OSTER såg dagens lys, og som veteranbåtlag skal me halda oss litt i fortider.

#### 7. Val.:

Magne Hellan tok over for å styra valet på tillitsmenn- og kvinner.

Utfallet vart.:

-styreleiar	Tor J. Bjørgaas	Ostereidet	Lindås
-nestleiar	Jan Ottar Ulvøy	Rebnor	Austrheim
-Styremedlemer.:	Svein Mostrau	Ulset	Bergen

	Vigdis Markussen	Knarvik	Lindås
	Knut Arne Høyland	Ulset	Bergen
	Kjell H. Nedreaas	Askelandsvåg	Lindås
	Per Ove Mostrau	Knarrevik	Fjell
-Varamedlemer.:	Kari Færø	Veland	Lindås
	Odd Tepstad	Tepstad	Osterøy
	Magnar Brekke	Fyllingsdalen	Bergen

### 8. Den standsmessige stode for D/S Oster

leiar i NHVL, Tor J. Bjørngaas gjekk gjennom tilstandsrapporten vedk D/S Oster sin tilstand, kva som er gjort og kva som skal gjerast vedk teknisk stand i maskina. Som vanleg gjorde Tor dette på sin grundige måte. Han svara på spørsmål frå medlemer.

### 9. Maskinistkurset

Også på dette årsmøte var maskinistkurset på dagsorden. NHVL har ansvar for at kursdeltakarane har fått den rette opplæring ovafor Sjøfartsmyndigheiter i Haugesund. Det bør vera 2 mann i maskina, rimeleg nok.

### 10. Medlemspengar 2012

Årsmøtet fastsette årspengar for 2010 med Kr. 250.- for medlem, Kr. 100.- for born, og Kr. 2.000.- for bedrifter.

### 11. Tippemidlar

Det er mange som let 5.% av grasrotandelen gå til NHVL. Soleis kunne leiaren opplysa om at laget hadde motteke pålag Kr. 7.000.- av slikt tilskot.

### 12. Maskinistkurset

11 personar hadde delteke i maskinistkurs i Bergen. Det var ein del spørsmål om fartstid etc i samband med å kunne segla som maskinist ombord i D/S OSTER.

### 13. Arbeid på dugnad og innleige

Det vart opplyst at nokre av NHVL sine faste entreprenørar no måtte melda forfall p.g.a. dårleg helse, og at mange av våre gode medarbeidarar tek til å eldest meir.

Dette ville likevel ikkje ha noko å seia for vedlikehaldet i 2011, idet NHVL har gode kontaktar for å skaffa fagfolk på alle plan. Mykje godt arbeid er utført sidan hausten 2010

### 14. Arbeidsprogram 2011

Båten er i ferd med å verta klargjort for seglingsseongen 2011

NHVL har ingen løna personar.

Seglingsprogrammet for 2011 er ikkje fastlagt pr dato.

### 15. Æresmedlemer

Også under dette årsmøte vart det utnemnt æresmedlemer. Det er.:

**Ragnhild Bjørngaas og Roald Moldekleiv.** God applaus for desse.

## 16. Diverse

Vigdis Markussen poengterte, atter ein gong, om at medlemer som betalar kontingen må vera nøye med å notere betalars namn på giroen. Det kjem på vidotta utan betalarnamn. NHVL har no 719 medlemer.

Det vart etterlyst betre oppdatering på heimesidene til NHVL. Web redaktør Eilif Stene har vore Sjukemeldt ei tid, men er no klar for vidare innføringar.

Det kom fram uttrykk over at NHVL måtte vera meir pågåande for å senda stoff til Dampskipsposten. Harald Sætre meinte på at det bør vera mykje stoff i den avisa om veteranbårkulturen på Vestlandet.

Vidar Lehmann kom med ei rund råma med malerimotiv av D/S Oster i. Denne har vore på lang reise til USA og heimatt. Denne kom oss att i hende frå familien Nilsen i Tyssebotnen. Det er utruleg kva som ligg av minner i tølane hjå folk.

Sjå elles våre heimesider [www.oster.no](http://www.oster.no)

Møtet vart heva ca Kl. 15 40

---

Karstein Stene referant (s).

---

Finn Guldbrandsøy (s).

---

Magne Angelskår (s).